



Innkalling Kommunestyret

Møtedato: 12.05.2022
Møtested: Kilstraumen Brygge
Møtetid: 09:45

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

Saksliste

Saksnr	Tittel
028/22	Godkjenning av innkalling og saksliste
029/22	Godkjenning av møteprotokoll
030/22	Meldingar
030/22.1	Austrheim kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025
030/22.2	Bergen brannvesen - årsmelding 2021
031/22	Orienteringssak
032/22	Godkjenning av avtale med stiftinga Miljøfyrtårn

Dato

Per Lerøy
møteleiar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
028/22	Kommunestyret	PS	12.05.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nesbø	FE-033	22/570

Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
029/22	Kommunestyret	PS	12.05.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nesbø	FE-033	22/570

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg

Protokoll - Kommunestyret - 07.04.2022

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
030/22	Kommunestyret	PS	12.05.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nesbø	FE-033	22/570

Meldingar

Underliggende saker

Saksnummer	Tittel
030/22.1	Austrheim kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025
030/22.2	Bergen brannvesen - årsmelding 2021

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
041/22.1	Formannskapet	RS	12.05.2022
030/22.1	Kommunestyret	RS	12.05.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Odd Harald Dommersnes	FE-150	21/283

Austrheim kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Vedlegg

AcosSvarInn.xml

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
030/22.2	Kommunestyret	RS	12.05.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Bjørnar Fjellhaug	FE-000, TI-&14	22/487

Bergen brannvesen - årsmelding 2021

Vedlegg

Oversendingsmail - Bergen brannvesens - årsmelding 2021

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
031/22	Kommunestyret	PS	12.05.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nesbø	FE-033	22/570

Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
032/22	Kommunestyret	PS	12.05.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Odd Harald Dommersnes	FA-K20	22/560

Godkjenning av avtale med stiftinga Miljøfyrtårn

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune blir partner i Miljøfyrtårnnettverket med dei forpliktingane dette inneber, slik at både offentlege og private verksemder i kommunen kan sertifiserast som Miljøfyrtårn.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Verda står overfor betydelege og komplekse miljøutfordringar som krev omfattande innsats for å bli løyst. I tillegg til klimaendringar og klimagassutslepp, er det fleire kritiske miljøutfordringar som ein må handtere gjennom ein systematisk tilnærming. Næringslivet og kommune-Noreg satsar grønt som aldri før. Miljøfyrtårn er Noregs mest brukte miljøsertifiseringsordning – det er no over 8400 sertifiserte Miljøfyrtårn i Noreg. Dette syner at verksemdene ønskjer å ta ansvar og å vere ein del av løysninga og dette er blant anna takka vere kommunane sitt bidrag til ordninga. Miljøfyrtårn-ordninga er etablert av norske kommunar og partane i arbeidslivet for å bidra til at verksemder reduserer miljøbelastninga si. Kommunane er heilt avgjerande i arbeidet med klima- og miljømål, både ved å motivera verksemder til å ta klimaansvar og gjennom å feie for eiga dør, vise veg og stille klima- og miljøkrav. Dette er eit viktig vedtak og eit vesentleg bidrag for auka berekrafta i norsk arbeidsliv og for at Miljøfyrtårn-ordninga får ei brei geografisk forankring. Som partnarkommune, kan kommunen bruke Miljøfyrtårn som eit næringspolitisk verkemiddel ved å fremje ordninga som eit verktøy lokalt. Certifikatet som blir tildelt gjev verksemder fortrinn ved at det er godkjent som miljødokumentasjon i anbodskonkurransar på linje med de internasjonale miljøleiingsordningane EMAS og ISO 14001.

Sertifiseringsmynde for Miljøfyrtårnordninga vil i løpet av 2022 flyttast frå kommunane til eit eige selskap; CertNor. CertNor sikrar ein uavhengig og objektiv sertifisering av verksemder som ønskjer å bli Miljøfyrtårn.

Vurdering

Tenesteproduksjonen til kommunen påverkar klima- og miljø. Kommunen kan redusere forbruket og utsleppa sine gjennom systematisk miljøleing. Samstundes kan kommunen syne veg overfor innbyggjar, tilsette og næringslivet. Austrheim kommune skal vere bevisst eige miljøforbruk og hindre lokale og globale negativ miljøpåverknader. Gjennom kunnskap og innsikt om globale konsekvensar av eiga åtferd lokalt, skal kommunen styrkje eige arbeid med miljø og berekraft.

Mange kommunar og fylkeskommunar sertifiserast etter Miljøfyrtårns hovudkontormodell, som er eit verktøy for effektiv miljøleing. Det sertifiseringsarbeidet som no skjer i kommunen og som blir ferdigstilt hausten 2022, skjer etter hovudkontormodellen

Målet med å miljøfyrtårnsertifisera ein kommune med underliggande kommunale einingar og føretak, er å oppnå eit heilskapleg og tverrfagleg arbeid for ei meir miljø- og klimavenleg drift av kommunen som verksemd. Det er også eit mål å vise veg overfor kommunen sine samarbeidspartnarar og å bygge kunnskap og kultur blant tilsette og brukarar. For å få til miljø- og klimaleing som fungerer, må arbeidet institusjonaliserast, ikkje vere avhengig av einskildpersonar sitt engasjement. Kommunen er komen godt i gong med å få dei einskilte einingane sertifisert i høve til å bli miljøfyrtårn. Neste steg er at kommunen vel å bli partner i Miljøfyrtårnnettverket. Kva betyr det så at kommune vert partner i dette nettverket?

Kommunen sine forplikingar:

- Eit politisk vedtak om å bli partner innebere at ordførar eller ein annan representant frå kommunen deler ut miljøfyrtårndiplomet til sertifiserte verksemder som har tilhald i Austrheim.
- Det blir utnemnd ein miljøfyrtårnkoordinator i kommunen. Koordinator har ei dedikert nettside som gir god informasjon om miljøarbeidet. Koordinatoren vil også inviterer inn til årlege fagarrangement. Her vil vi ta opp emne som er relevante for kommunen. Kommunen har alt tilsett ein slik koordinator i 40 % stilling som dekkjer desse oppgåvene.
- •Kommunen betalar ein årleg lisens til Miljøfyrtårn gradert etter innbyggartal. Prisen for Austrheim kommune er i 2022 kr 1920,- får å vere partner.
- Kommunen må synleggjere på kommunen sine nettsider at kommunen er del av Stiftelsen Miljøfyrtårn sitt nettverk.
- Kommunen jobbar proaktivt med å få verksemder i kommunen til å Miljøfyrtårn-sertifiserast.

Stiftelsen Miljøfyrtårns forplikingar:

- Miljøfyrtårn gir rettleiing/råd for diplomutdelingar og tips til korleis kommunen marknadsfører dette for lokalt næringsliv, i pressa og i sosiale medie.
- Miljøfyrtårn tek hand om bestilling av diplom til dei sertifiserte bedriftene, som så vert send til kommunen for å kunne delast ut.
- Representantar frå Miljøfyrtårn kan bidra i informasjonsmøte om Miljøfyrtårn, gjerne i samarbeid med næringsforeninga.

- Miljøfyrtårn gjennomfører to årlege faglege arrangement kostnadsfritt, der alle partnarkommunane blir invitert.
- Miljøfyrtårn kan bidra med fagleg kompetanse i korleis kommunen kan bruke innkjøpsmakta si til å krevje miljøleing der det er føremålstenleg og forholdsmessig.
- Miljøfyrtårn forvaltar sertifiseringskriteria slik at desse er i tråd med utviklinga i dei einskilde bransjane som ordningane dekkjer - også utover norske lover og føresegner. Miljøfyrtårn utviklar software og kursar våre interne konsulentar.
- Miljøfyrtårn oppdaterer fortløpande statistikk/oversikt over miljøsertifiserte verksemder i kommunen.

Konklusjon

Austrheim kommune skal aktivt fremja miljøsertifisering i det private næringsliv i kommunen, for å styrke konkurransedyktige verksemder og bidra til det grøne skiftet. Austrheim kommune skal vere ein miljøfyrtårnkommune, for på den måten å bidra til eit meir klimavenleg næringsliv. Dersom offentleg sektor skal krevje at næringslivet gjennomfører ressurskrevjande miljøtiltak, så må kommunen gå front som eit godt føredøme. Kommunedirektøren tilrår at kommunen gjer vedtak om å bli partner i Miljøfyrtårnnettverket.